



Teknisk drift

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/1107 - 18/2842

Saksbehandlar:
Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:
23.02.2018

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning - rehabilitering Radøyhallen

Me har motteke oppdatert søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for rehabilitering av Radøyhallen 15. februar 2018. Godkjenninga erstattar førehandsgodkjenninga av garderobane datert 1. juni 2018 (referanse: 17/1107 - 17/7061).

Kommunal plan og behovsvurdering

Radøyhallen er den største idrettshallen i kommunen og bassenget er det einaste 25-metersbassenget i heile regionen. Idrettshallen er svært mykje i bruk, og ber preg av stor slitasje i garderobar, gangar, kontor/møterom og toalett. Garderobane vil verta oppgraderte med skiveveggar for at fleire skal dusja før og etter dei har vore i bassenget og etter aktivitet i idrettshallen. Gangar og toalett vil verta rehabilitererte, og i tillegg vil kjøkkenet i tilknytning til idrettshallen rehabiliterast for å kunna nyttast som kiosk og kjøkken ved arrangement i hallen. Administrasjonsrommet ved svømmehallen vil også verta rehabiliterert.

Tiltaket vart prioritert på sjuande plass blant ordinære anlegg ved rulleringa av kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø for Radøy kommune 2016-2026.

Kostnadsoverslag og foreløpig plan for finansiering og drift av anlegget

Dokumentasjonen er gjennomgått.

Planane er vurderte og godkjende med følgande føresetnader:

Anlegget skal vere universelt utforma, og ein skal utstyra garderobar, dusjrom, toalett osv. i samsvar med rettleiaren "Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg" (V-0511 – 2012).

Godkjende, stempla teikningar er lagt ved dette brevet. Godkjenninga gjeld for to år, og ein må sette i gang byggearbeida innan desse to åra. Dersom ein ikkje gjer dette, må ein søke om forlenging. (Dersom byggearbeida er sett i gang før idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning er gjeven, fell moglegheita for å kunne søke om spelemidlar vekk).

Vert planane for anlegget endra, må ein senda nye, oppdaterte planar inn til ny idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning.

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning gjev ikkje garanti for tilskot frå spelemidlane, men skal følge

som vedlegg til spelemidelsøknaden.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

20180223141248

Mottakarar:

Teknisk drift